



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 26.03.2026
Møtetid: 15:00 -22:00
Møtestad: Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Synne Thunestvedt	Medlem	SV
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Roy Husebø	Medlem	INP

Faste medlemmer med forfall

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Ruben Nielsen	MEDL	FRP
Trygve Tønnessen	MEDL	FRP
Renathe Tangen	MEDL	V
Lars Fjeldstad	ORD	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Kjellaug Hartveit		SP
Ingunn Vedå		FRP
Ann Kristin Åkerlund Riise		KRF
Odd Roald Ravndal		V
Stian Torp		FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel
RS 8/26	PwC: Overordnet rapport frå 15:00 til 16:00
PS 16/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/26	Godkjenning av møtebok 19.02.2026
RS 9/26	Folkehelseprofil Osterøy kommune 2026
RS 10/26	IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026
RS 11/26	Årsmelding 2025 for Region Nordhordland IKS - Oppvekstsektoren
RS 12/26	Årsmøtepapir til Voss-Osterfjorden vassområdeutval 4.3.2026
RS 13/26	Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.02.26
RS 14/26	Protokoll 1-2026 Regionrådet Nordhordland fredag 30. januar
RS 15/26	Vest brann- og redningsregion KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026
PS 18/26	43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlov
PS 19/26	Høyringsforslag om endring i integreringsstønning for nyankomne flyktningar
PS 20/26	Tilbakerapportering eigarskapskontroll Osterøy aktiv
PS 21/26	Planprogram KDP Oppvekst og fritid - endeleg vedtak
PS 22/26	Endring salsløyve for alkohol ved eigarskifte
PS 23/26	Søknad om fritak frå verv som folkevald: Eldrerådet
PS 24/26	Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR
PS 25/26	Andre saker/spørsmål

Varaordfører

Alexander Thunestvedt

RS 8/26 PwC: Overordnet rapport frå 15:00 til 16:00

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 8/2026 PwC: Overordnet rapport frå 15:00 til 16:00:

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 8/2026 PwC: Overordnet rapport frå 15:00 til 16:00:

Teken til vitande.

PS 16/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 16/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Røy Husebø (Inp) varsla spørsmål om postlista på heimesida.

Kim Andre Hartveit (Frp) varsla spørsmål om skjenking under VM til sommaren.

Andre spørsmål som vart sende inn i forkant av møtet, vart svara ut skriftleg og ligg under «Andre saker / spørsmål».

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Votering:

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 16/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 17/26 Godkjenning av møtebok 19.02.2026

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 17/2026 Godkjenning av møtebok 19.02.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 19.02.2026 vert godkjend.

Votering:

Møtebok frå 19.02.2026 vart samrøystes godkjend.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 17/2026 Godkjenning av møtebok 19.02.2026:

Møtebok frå 19.02.2026 vart godkjend.

RS 9/26 Folkehelseprofil Osterøy kommune 2026

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 9/2026 Folkehelseprofil Osterøy kommune 2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 9/2026 Folkehelseprofil Osterøy kommune 2026:

Teken til vitande.

RS 10/26 IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 10/2026 IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 10/2026 IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026:

Teken til vitande.

RS 11/26 Årsmelding 2025 for Region Nordhordland IKS - Oppvekstsektoren

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 11/2026 Årsmelding 2025 for
Region Nordhordland IKS - Oppvekstsektoren:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 11/2026 Årsmelding 2025 for Region
Nordhordland IKS - Oppvekstsektoren:

Teken til vitande.

RS 12/26 Årsmøtepapir til Voss-Osterfjorden vassområdeutval
4.3.2026

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 12/2026 Årsmøtepapir til Voss-Osterfjorden vassområdeutval 4.3.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 12/2026 Årsmøtepapir til Voss-Osterfjorden vassområdeutval 4.3.2026:

Teken til vitande.

RS 13/26 Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.02.26

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 13/2026 Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.02.26:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 13/2026 Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.02.26:

Teken til vitande.

RS 14/26 Protokoll 1-2026 Regionrådet Nordhordland fredag 30. januar

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 14/2026 Protokoll 1-2026 Regionrådet Nordhordland fredag 30. januar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 14/2026 Protokoll 1-2026 Regionrådet Nordhordland fredag 30. januar:

Teken til vitande.

RS 15/26 Vest brann- og redningsregion KO - Protokoll fra styremøte
11. mars 2026

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 15/2026 Vest brann- og
redningsregion KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 15/2026 Vest brann- og
redningsregion KO - Protokoll fra styremøte 11. mars 2026:

Teken til vitande.

PS 18/26 43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlov

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 18/2026 43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlov:

Vedtak i Formannskapet 11.02.2026:

Kommunen gjev ikkje løyve til frådeling og omdisponering som omsøkt.

Formannskapet ber kommunedirektøren utarbeida ein ny rettleiar for jordlovsaker om omdisponering/driveplikt, og leggja denne fram for Heradsstyret. Kommunen bør arbeida for at jordbrukseigedomar som elles vert leigd bort, vert overført til eige for aktive bønder.

Framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H):

«Kommunen gjev samtykke til frådeling av tunparsell og sal av resteigedomen til gbnr. 43/3 som tilleggsareal, slik det er søkt om».

Fellesframlegg frå Sp, V, SV og Herdis Helle (Ap) og Ann Kristin Borge (Ap)

1) Kommunen gjev ikkje løyve til frådeling og omdisponering som omsøkt. Søknad journalført motteke 17.06.25 vert avslått. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §§ 1, 9 og 12.

Heradsstyret ber kommunedirektøren utarbeida ein ny rettleiar for jordlovssaker og leggja den fram for heradsstyret til vedtak. I tillegg til frådeling skal denne omhandle omdisponering, konsesjon og driveplikt.

Tilleggsforslag frå Sp, V, SV og Herdis Helle (Ap) og Ann Kristin Borge (Ap):

2) Osterøy kommune skal ha som prinsipp i frådelingssaker at frådeling til mottakarbruk utan drift og fungerande driftsapparat som hovudregel ikkje vert gitt løyve til. Slike frådelingar vil regelmessig ikkje gje godt vern om jordressursane eller gode driftsmessige løysingar.

Jordbrukspolitikken til kommunen skal leggje til rette for sjølvvegande bønder som har yrket sitt i landbruket. Det er det som best vil sikre at jorda vert halden i hevd og at kunnskap om forproduksjon og husdyrhald vert vidareført. Ei utvikling der stadig meir jord vert eigd av aktørar som driv med bortleige, peikar i motsett retning og er ikkje ynskeleg.

Utsetjingsforslag Johannes O Borge(H):

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen for ny vurdering pga. ny informasjon i saka.

Votering:

Utsetjingsforslag falt med 11 stemmer for og 16 stemmer mot.

Stemmer for: 7Frp, 4 H

Stemmer mot: 7Sp, 4Ap, V, Sv, 2Krf, Inp

Votering:

Framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H) vart sett opp mot fellesframlegg frå Sp, V, SV og Herdis Helle (Ap) og Ann Kristin Borge (Ap).

Fellesframlegg vart vedteke med 16 røyster for, medan 11 røyster for framlegg frå Johannes O Borge(H).

Røyster for fellesframlegg: 4Ap, 7Sp, Sv, 2Krf, Inp, V,

Røyster for Johannes O Borge(H): 4H, 7Frp

Tilleggsforslag frå Sp, V, SV og Herdis Helle (Ap) og Ann Kristin Borge (Ap) vart vedteke med 14 røyster for og 13 røyster mot.

Røyster for: 7SP, 4 Ap, Sv, Inp, V

Røyster mot: 4H, 7Frp, 2Krf

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 18/2026 43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlovac:

1) Kommunen gjev ikkje løyve til frådeling og omdisponering som omsøkt. Søknad journalført motteke 17.06.25 vert avslått. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §§ 1, 9 og 12.

Heradsstyret ber kommunedirektøren utarbeida ein ny rettleiar for jordlovssaker og leggja den fram for heradsstyret til vedtak. I tillegg til frådeling skal denne omhandle omdisponering, konsesjon og driveplikt.

2) Osterøy kommune skal ha som prinsipp i frådelingssaker at frådeling til mottakarbruk utan drift og fungerande driftsapparat som hovudregel ikkje vert gitt løyve til. Slike frådelingar vil regelmessig ikkje gje godt vern om jordressursane eller gode driftsmessige løysingar.

Jordbrukspolitikken til kommunen skal leggje til rette for sjølveigande bønder som har yrket sitt i landbruket. Det er det som best vil sikre at jorda vert halden i hevd og at

kunnskap om forproduksjon og husdyrhald vert vidareført. Ei utvikling der stadig meir jord vert eigd av aktørar som driv med bortleige, peikar i motsett retning og er ikkje ynskeleg.

PS 19/26 Høyringsforslag om endring i integreringsstønad for nyankomne flyktningar

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 19/2026 Høyringsforslag om endring i integreringsstønad for nyankomne flyktningar:

Bjarte Aarland (Krf) var med i handsaming av saker fra PS19/26.

Innstilling frå Levekårsutvalet 17.03.2026

Høyringssvaret blir sendt inn slik det ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 19/2026 Høyringsforslag om endring i integreringsstønad for nyankomne flyktningar:

Høyringssvaret blir sendt inn slik det ligg føre.

PS 20/26 Tilbakerapportering eigarskapskontroll Osterøy aktiv

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 20/2026 Tilbakerapportering eigarskapskontroll Osterøy aktiv:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune tek tilrådingane frå kontrollutvalet med i budsjettet for neste år.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 20/2026 Tilbakerapportering eigarskapskontroll Osterøy aktiv:

Osterøy kommune tek tilrådingane frå kontrollutvalet med i budsjettet for neste år.

PS 21/26 Planprogram KDP Oppvekst og fritid - endeleg vedtak

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 21/2026 Planprogram KDP Oppvekst og fritid - endeleg vedtak:

Innstilling frå Levekårsutvalet 17.03.2026

Planprogram for kommunedelplan Oppvekst og fritid vert vedteke slik det ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 21/2026 Planprogram KDP Oppvekst og fritid - endeleg vedtak:

Planprogram for kommunedelplan Oppvekst og fritid vert vedteke slik det ligg føre.

PS 22/26 Endring salsløyve for alkohol ved eigarskifte

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 22/2026 Endring salsløyve for alkohol ved eigarskifte:

Innstilling frå Levekårsutvalet 17.03.2026:

Salsløyve for alkohol - Coop Hordaland SA 982 594 421

Det vert gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1), i medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 til:

Selskap: Coop Hordaland SA - Org.nr.: 982 594 421

Salsstad: Extra Lonevåg, Fotlandsvegen 7, 5282 Lonevåg

Styrar: Aina Dyrkolbotn, f. 13.04.1979

Avløyser: Marius Hetlevik Bøe, f. 02.04.1992

Løyveperiode: 12.04.2026 – 30.09.2028

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag då salstida er til kl. 20.00. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndagar og heilagdagar og 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og avløyser vert godkjende.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 22/2026 Endring salsløyve for alkohol ved eigarskifte:

Salsløyve for alkohol - Coop Hordaland SA 982 594 421

Det vert gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1), i medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 til:

Selskap: Coop Hordaland SA - Org.nr.: 982 594 421
Salsstad: Extra Lonevåg, Fotlandsvegen 7, 5282 Lonevåg
Styrar: Aina Dyrkolbotn, f. 13.04.1979
Avløysar: Marius Hetlevik Bøe, f. 02.04.1992

Løyveperiode: 12.04.2026 – 30.09.2028

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag då salstida er til kl. 20.00. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndagar og heilagdagar og 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og avløysar vert godkjende.

PS 23/26 Søknad om fritak frå verv som folkevald: Eldrerådet

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 23/2026 Søknad om fritak frå verv som folkevald: Eldrerådet:

Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i saka.

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Heradsstyret gjev Vigdis Fossheim fritak frå vervet sitt i eldrerådet og Terje Rosnes rykker opp som fast medlem av eldrerådet.

Supplering av varamedlem til eldrerådet kjem opp som politisk sak i neste heradsstyremøte.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 23/2026 Søknad om fritak frå verv som folkevald: Eldrerådet:

Heradsstyret gjev Vigdis Fossheim fritak frå vervet sitt i eldrerådet og Terje Rosnes rykker opp som fast medlem av eldrerådet.

Supplering av varamedlem til eldrerådet kjem opp som politisk sak i neste heradsstyremøte.

PS 24/26 Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 24/2026 Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR vart vedteke slik den ligg føre.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 24/2026 Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR:

Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR vart vedteke slik den ligg føre.

PS 25/26 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 25/2026 Andre saker/spørsmål:

Røy Husebø (INP) stilte følgjande spørsmål: Kvifor er postlista lukka?

Administrasjonen gav følgjande svar: Dette er for å sikre at personvernlover og reglar ikkje blir brotne. Før postlista blir offentleggjort, må all informasjon gjennomgåast for å anonymisere sensitive opplysningar.

Kim Andre Hartveit bad om ei avklaring om skjenking under VM i sommar.

Administrasjonen gav følgjande svar: Det vil kome ei sak om dette til neste møte.

Herdis Helle (Ap) stilte følgjande spørsmål: Kan Heradsstyret få ei utgreiing om den politiske strukturen i kommunen?

Kommunedirektøren gav følgjande svar: Det skal kome ei politisk sak om dette til junimøtet.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

heradstyre sett ned eit utval som skal vera med administrasjonen å forhandla opp mot statsforvalter\fylke mot kpa.

forslag om samansettning av utvalet:

leiar av planutvalet (vil fungere som leiar i utvalet også)

ordfører

1 representant for høgre

1 representant for frp

på den måten vil alle dei 4 største partia vera representert, 2 frå posisjonen og 2 for "opposisjonen"

kvalt parti\ordfører og leiar av plan vel vara skjølv, treng ikkje vere frå sitt eige parti om dei ønskjer nokon andre.

dette vil betre informasjonsflyten mellom fylke\administrasjon og politiske parti, dette vil og gjere administrasjonen\ kommunen tyngre opp mot forhandlinger med statsforvalter og fylke.

det vil også gjere at dei folkevalgte har ei skikkelig hand med på rattet da det er dei som skal avgjere kpa`en i siste innstanse.

utvalet bør ha forebuande møter med administrasjonen før møte med fylke.

representantene i utvalet må ikkje vera fast i heradstyret, men kan vere ein representant frå eiga parti

Votering:

Framlegget til vedtak vart trekt av Kim Andre Hartveit (Frp). Ordføraren opplyste at administrasjonen vil leggje fram ei politisk sak knytt til problemstillinga som Kim Andre Hartveit (Frp) tok opp.

Vedtak i Heradsstyret - 26.03.2026 av sak 25/2026 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

Spørsmål og svar ligger ved som vedlegg i saken.

